

Kapellet, preste- og samtaltjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester


Søndagshelsing

12.12. 2021
3. søndag i advent

Tema: «Kontrastar i livet»



Det er ikkje gudsteneste i kapellet denne søndagen. Men det er ope for lystenning og ei stille stund.



3. søndag i advent

Preiketekst: Joh 5, 31-36

31 Dersom eg vitnar om meg sjølv, er vitneutsegna mi ikkje gyldig. 32 Men det er ein annan som vitnar om meg, og eg veit at den vitneutsegna han gjev meg, er sann. 33 De sende bod til Johannes, og han har vitna for sanninga. 34 Eg treng ikkje vitneutsegner frå menneske, men eg seier dette så de skal bli frelste. 35 Johannes var ei lampe som brann og lyste, og ei lita stund ville de gleda dykk i lyset hans.

36 Men eg har ei vitneutsegn som er sterkare enn den Johannes gav: dei gjerningane Far har gjeve meg å fullføra. Og det er desse gjerningane eg gjer, som vitnar om at Far har sendt meg.



Kontrastar i livet

3 lys er tende i adventskransen i dag. 3 er heilagt tal, symbolet på treeininga - den ultimate kjærleiksrelasjonen!

Feiringa av Lucia-dagen i morgon, seier noko om kontrasten mellom lys og mørkret, mellom det gode og det vonde. «Svart senker natten seg, i stall og stue, solen har gått sin vei skyggene truer, inn i vårt mørke hus, stiger med tente lys... Santa Lucia». Lucia betyr "lys" og tradisjonen seier at Lucia var eit lys som varma alle rundt seg.

I blant kan vi kjenne på mørket i vårt eige hus. I desse førjulstider der alt skal vere så stemningsfullt og koseleg, kan det vere ekstra vondt å kjenne på sorg og sagn, eller føle seg motlaus, tom og åleine. Det kan vere vanskeleg å tru på det gode.

Nokre gonger må ein ha kjent på mørket for å verdsette lyset. Mørket gir lyset mulighet til å skine, kulden gir lyset muligheten til å varme.

Det er snart jul og vi feirar at lyset kom til verda og tok bustad i blant oss som det står i Johannesevangeliet. «Lyset kom til verda og mørkret har ikkje overvunne det!». Det er HÅP – håp for vårt eige liv og håp for framtida!

Lucia vitna om dette lyset – om kjærleiken; det sanne lyset. Vi er alle kalla til å lyse for andre, å vere eit vitne for kjærleiken. Men for at vi skal skine må lyset få ta bustad i oss, vi må la lyset få sleppe inn i vårt eige mørke.

God adventssøndag!

Kristin Lødøen Hope

- sjukehusprest -